

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Olav Grov
Arkivsaksnr.: 20/1899

Arkiv: 223 D11

Sogn skisenter AS. Søknad om finansiering.

Rådmannen si tilråding:

Sogn skisenter AS får eit tilskot stort kr 250.000. Tilskotet skal finansierast ved forbruk av næringsfondet.

Sogn Skisenter AS får og utsett betaling av renter og avdrag på sine lån i næringsfondet til 1.10.21. Etter perioden med utsetjing vert renta lagd til hovudstolen og lånet skal betalast ned over eitt og eitt halvt år lengre tid enn opprinneleg vedtak

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg: Søknad

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret

Fakta:

Sogn Skisenter AS søker om ekstra kommunal medverknad frå Luster kommune til skisenteret.

2019 var ein krevjande sesong for Sogn skisenter med eit underskot på kr 900.000. Hovudårsaka til underskotet var vanskelege snøforhold og derfor kort sesong. No i 2020 måtte bakken stengast i høgsesongen grunna koronapandemien, då fekk heller ikkje skisenteret med seg drift i påsken som til vanleg gjev stor omsetning.

Skisenteret er no i ein situasjon der dei og arbeider med nye leigeavtalar og tippemiddelsøknader. Dei skriv slik i søknad til kommunen:

I påvente av nye leigeavtalar og tippemidlar som skal gå til godkjenning og rehabilitering av POMA-heis søker me hjelp til å dekke:

- *planlagt vedlikehold til trakkemaskiner og scooter Kr 100 000,-*
- *leige til grunneigarar på kr 120 000.*
- *Slangar til snøanlegg kr 30 000*

Totalt i ekstra støtte kr 250 000,-

Me vil og søke om rente og avdragsfriheit ut året 2020.

Styret i Sogn Skisenter er og i drøfting med Luster Sparebank om ekstra sponsormidlar. Denne søknaden vert handsama av styret i banken fredag den 5.6.

Pr dato har Sogn skisenter lån i næringsfondet i Luster kommune med saldo ca 3.52 mill kr.

Sogn Skisenter er eit viktig tilbod for dei som bur i Luster og Sogn. Særleg er dette eit populært tilbod for barn og ungdom. Det er og eit tilbod som etter kvart er med å skapar noko meir omsetjing i reiselivet om vinteren. Luster kommune går årleg inn med kr 900.000 i tilskot til Sogn Skisenter.

Det vert no arbeidd med å få på plass nødvendige nye avtalar med grunneigarane, det er vesentleg å få på plass desse i forhold til utviklinga av skisenteret vidare.

Rådmannen vil tilrå eit ekstra tilskot på kr 250.000 som omsøkt. Rådmannen vil og tilrå at rente- og avdrag på næringslån vert utsett til 1.10.21 då vil Sogn skisenter kunne byggje noko likviditetsreservar vinteren 2021.

Dato: 04.06.20

Jarle Skartun
rådmann

Olav Grov
Næringsssjef

Særutskrift skal sendast: kjetil@digitaletikett.no
m/kopi til: Berit Tandle Kroken, her
Luster Sparebank

